
Saknr: 2020/304-2
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

Fordeling av spelemidler til Den kulturelle skulesekken (DKS) for skuleåret 2020-2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til prinsipp for fordeling av midlar, slik dei kjem fram av saka.
2. Total tildeling til Vestland fylkeskommune vert fordelt mellom DKS i grunnskulen og i vidaregåande skule i samsvar med føringar frå Kulturtanken.
3. Del til DKS i grunnskulen vert fordelt mellom fylkeskommunen og kommunane slik:
 - relativ del til Bergen kommune
 - ein tredel av resterande del fordelt på kommunane etter fordelingsnøkkel frå Kulturtanken
 - to tredelar av resterande del til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program i grunnskulen
4. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering får fullmakt til å fordele spelemidler til kommunane i Vestland etter prinsippa i saka og tildelingsbrev frå Kulturtanken når dette ligg føre.

Samandrag

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som skal sikre elevar i grunnskulen og vidaregåande skule møte med profesjonell kunst og kultur kvart år.

Kulturtanken - Den kulturelle skulesekken Norge har det sentrale ansvaret for Den kulturelle skulesekken, og fylkeskommunane og kommunane forvaltar ordninga regionalt og lokalt.

DKS er finansiert av overskot av spelemidler frå Norsk Tipping AS og fylkeskommunale og kommunale driftsmidler. Kulturtanken fordelar spelemidler til DKS til fylkeskommunane etter ein fordelingsnøkkel, og fylkeskommunane fordelar midlar vidare på kommunane i fylket etter same nøkkel.

Jamfør førebels tilskotsbrev dagsett 29.11.19 vil tildelingsbrev for skuleåret 2020-2021 bli sendt Vestland fylkeskommune innan 01.06.2020.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Siri Ingvaldsen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som skal sikre elevar i grunnskulen og vidaregåande skule møte med profesjonell kunst og kultur.

DKS har vore del av regjeringa si kulturpolitiske satsing for grunnskulen sidan 2001, og etter kvart også for vidaregåande skule. Dette betyr at i dag får alle elevar, frå 1. klasse i grunnskolen til 3. trinn i vidaregåande skule, oppleve kunst og kultur av høg kvalitet gjennom DKS.

Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/kommunale driftsmidlar. Kulturtanken - Den kulturelle skulesekken Norge har det nasjonale ansvaret for DKS, og fylkeskommunane og kommunane forvaltar ordninga regionalt og lokalt.

Saksopplysningar

1. Tildeling for skuleåret 2020-2021

Overskotet frå Norsk Tipping AS til kulturføremål blir fordelt ved kongeleg resolusjon. Kulturtanken fordeler vidare til fylkeskommunane den delen av overskotet som skal gå til DKS. Midlane vert fordelte etter ein fordelingsnøkkel der variablane elevtal i grunnskule og vidaregåande skule, geografiske avstandar og infrastruktur inngår.

Midlane som vert tildelte Vestland fylkeskommune skal dels nyttast på grunnskulen og dels på vidaregåande skule. Den delen som skal nyttast på grunnskulen er utgangspunkt for fordeling av midlar til kommunane. Bergen kommune er ein direktekommune, og har såleis sjølv ansvar for DKS til elevane i grunnskulen.

Jamfør førebels tilskotsbrev dagsett 29.11.19 vil tildelingsbrev for skuleåret 2020-2021 bli sendt Vestland fylkeskommune innan 01.06.2020.

2. Mål og føringar for DKS

DKS skal sikre elevar i grunnskulen og vidaregåande skule eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod. Midlane skal nyttast i tråd med mål og prinsipp for ordninga, slik dei er vedtatt i St.meld. nr. 38 (2002-2003) Den kulturelle skulesekken og St.meld. nr. 8 (2007-2008) Kulturell skulesekk for framtida.

Fylkeskommunar og kommunar skal tilby elevar i det 13-årige skuleløpet, inkludert lærlingar og lærekandidatar i vidaregåande opplæring, kunst- og kulturproduksjonar av høg kvalitet. Elevar med nedsett funksjonsevne skal ha same høve til å delta i DKS som andre elevar. Alle dei seks kunst- og kulturuttrykka i DKS skal vere representerte: film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst. Samiske kunst- og kulturuttrykk skal være ein integrert del av DKS. I 2020 er det fokus på å kartlegge og auke omfanget av produksjonar med nynorsk som målform.

Det er forventa at Vestland fylkeskommune medverkar til nyproduksjon, og at det skal vere breidd, mangfald og variasjon i DKS-programmet. I arbeidet med programmet bør ein reflektere over tema i overordna del av læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Ein sentral premiss for DKS er at eleven sjølv skal oppleve tilbodet som relevant og ha ei rolle i utforminga og gjennomføringa av DKS. For å møte elevane i ein skule prega og forma av digital teknologi, bør tilbodet reflektere dette.

Tilboda i DKS skal medverke til å gjere elevane betre kjende med begge målformer på norsk, samt styrke deira forståing av nordiske nabospråk. Det er også ei målsetting at utøvarar, produksjonar og apparatet som elevane møter, speglar vårt mangfaldige samfunn.

Kunstnarar som utfører arbeid i DKS, skal betalast i tråd med bransjestandard, og rettshavar sine interesser skal sikrast i samsvar med åndsverklova. Kulturtanken legg til grunn at kunstnarar vert betalte i tråd med gjeldande rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar, forhandla fram mellom KS og CREO.

3. Samarbeid med Kulturtanken

Arbeidet med DKS skal vere forankra i ordinære politiske og administrative prosessar og planverk i fylkeskommunen og kommunen. Kulturtanken legg til grunn at det vert utvikla samarbeid og nettverk mellom kultur- og skulesektoren på alle nivå, samt med relevante kulturinstitusjonar, universitets- og høgskulemiljø og forskingsinstitusjonar.

Følgjande prosjekt som Kulturtanken samarbeider med fylkeskommunar og kommunar om, vert avslutta og evaluerte hausten 2020 og våren 2021:

- skuleleiarar
- kulturkontaktar
- elevmedverknad
- kunstnarleg kvalitetsarbeid
- nye formidlingsmodellar ved bruk av digital teknologi

4. Direktekommunar og fordelingsmodellen i fylkeskommunen

Kulturdepartementet varslar i brev dagsett 16.9.2019, ref. 18/1579-31, endring i statlege føringar for fordeling av spelemidlar til DKS i 2020. Frå skuleåret 2020-2021 får direktekommunar si tildeling fordelt frå fylkeskommunen. Det vert vidare lagt opp til at tilskotet til direktekommunane i 2020 skal haldast på same nivå som i 2019. Fylkeskommunen fordeler tilskot til resten av kommunane i sitt fylke etter en fast fordelingsmodell. Fylkeskommunen forvaltar ein tredel sjølv, minimum ein tredel av midlane til grunnskolen vert fordelt vidare til kommunane. Fylkeskommunen vedtar i dialog med kommunane fordeling av den siste tredelen. Fylkeskommunane kan sjølve ta avgjerd om regionale tilpassingar og melde slike endringar til Kulturtanken.

I Vestland er det Bergen kommune som har status som direktekommune. I praksis betyr den varsla endringa at Bergen kommune, på lik line med dei andre kommunane i fylket, vil få tilskot til DKS frå Vestland fylkeskommune frå skuleåret 2020-2021.

Både i Hordaland og Sogn og Fjordane har det vore lagt til grunn ei fordeling med ein tredel på kommunane og to tredelar på fylkeskommunen. Fordelinga har gitt grunnlag for eit godt og variert DKS-tilbod til elevane, og vert tilrådd vidareført.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering rår til at total tildeling til Vestland fylkeskommune vert fordelt mellom DKS i grunnskulen og i vidaregåande skule i samsvar med føringane frå Kulturtanken, og at delen til DKS i grunnskulen vert fordelt mellom fylkeskommunen og kommunane slik når endeleg tildelingsbrev ligg føre:

- relativ del til Bergen kommune
- ein tredel av resterande del fordelt på kommunane etter fordelingsnøkkel frå Kulturtanken
- to tredelar av resterande del til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program i grunnskulen

Kulturtanken arbeider med utvikling av ny fordelingsnøkkel som vil vere grunnlag for fordeling av midlar til kommunane. Arbeidet med denne er utsett, og gamal fordelingsnøkkel vil derfor ligge til grunn for tildeling for skuleåret 2020-2021.

Renteinntekter av tildelte spelemidlar skal gå til føremålet. Det same gjeld ev. meirverdiavgiftsrefusjon som vert generert av aktivitet i DKS.

Kulturtanken kan setje i verk kontroll med at spelemidlane vert nytta slik dei skal.

5. Rapportering

Rapportering vert gjort pr. kalenderår. Fylkeskommunen er ansvarleg både for rapporteringa for tilskotet ein sjølv forvaltar, og for den delen som vert fordelt vidare til kommunane.

Det skal rapporterast om følgjande:

- Økonomi og ressursbruk
- Gjennomførte aktivitetar innan alle kunst- og kulturuttrykk i DKS
- Elevmedverknad og samarbeid med skule spesielt
- Tilfang av nye produksjonar
- Mangfald og inkludering

- Nye formidlingsformer og digital teknologi
- Samarbeid med kultur-, forskings- og utdanningssektor
- Kvalitetsarbeid

Mål, føringar og prinsipp for DKS skal ligge til grunn for rapporteringa. Vestland fylkeskommune er ansvarleg for vurdering av rapportane frå alle kommunane i fylket.

Vestland fylkeskommune skal levere rapport og revidert rekneskap for 2020 innan 1. mai 2021.

Vestland fylkeskommune justerer kommunane sine fristar etter ovanfor nemnde fristar, og opplyser om dette i tildelingsbrev.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vestland fylkeskommune får tildelt spelemidlar frå Kulturtanken til DKS-programmet i skulen. Saka er knytt til desse midlane for skuleåret 2020-2021.

Klima: Det vert i programmering og turnélegging for DKS valt miljøvenlege løysingar der det er mogleg.

Folkehelse: Kultur bidreg til betre folkehelse.

Regional planstrategi: DKS er integrert i dei regionale kulturplanane for Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune, og vil vere del av tema kultur i utviklingsplan for Vestland.

Konklusjon

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som skal sikre elevar i grunnskulen og vidaregåande skule møte med profesjonell kunst og kultur.

Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/kommunale driftsmidlar. Kulturtanken - Den kulturelle skulesekken Norge har det nasjonale ansvaret for DKS, og fylkeskommunane og kommunane forvaltar ordninga regionalt og lokalt.

Midlane til DKS skal fordelast mellom fylkeskommunen og kommunane etter ein fordelingsnøkkel frå Kulturtanken. Fylkesdirektør rår til at Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til prinsipp for deling av midlar, slik dei kjem fram av saka.